# Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 1 - februar 2011 43. årg.












**Hilsen frå Israel**

side 4

**Jungelgjeng og Løvemor**

side 8

**Kina i endring**

side 10

**Kyrkjelydstur til Vaulali**

side 14

## Bryne - Time - Undheim sokn

**Kyrkjekontoret** tlf. 51 77 03 77
Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00-14:00
heimeside: http://www.time-kyrkja.no
e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no
telefaks tlf. 51 77 03 60
Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne
Prost: Kjell Børge Tjemsland tlf. 416 38 048
Sokneprest: Stein Ødegård tlf. 911 57 105
Prostiprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847
Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 51 48 40 69
Diakon: Ann Iren Tjelta Ravndal tlf. 958 955 85
Diakon: Marit Høie Hetland tlf. 911 630 39
Sekretær Bryne sokneråd:
Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 64
Sekretær Time sokneråd:
Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 64
Sekretær Undheim sokneråd:
Herdis Lindal tlf. 480 273 04
Sekretær: Kari W. Ødegaard tlf. 51 77 03 77
Sekretær: Siri Vik tlf. 51 77 03 76
Kyrkjeverje: Olav Vegard Søyland tlf. 909 423 04
Konsulent: Tor Aase tlf 51 48 34 82
Prosjektleiar trusopplæring:
Jorunn M. Ueland tlf. 51 48 85 10

**Time** tlf. 51 48 32 84
Organist: Oddny Underhaug tlf. 51 48 25 31
Kyrkjetenar: Alf Einar Weseth tlf. 99 61 9121
Soknerådsleiar: Amund Undheim tlf. 51 48 43 09
Klokkar: Sofie Braut
Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

**Bryne** tlf. 51 48 28 08
Kyrkjelydsprest: Leif Oscar Reiestad tlf. 412 728 62
Kyrkjetenar: Alf Einar Weseth tlf. 996 191 21
Organist: Per Olav Egeland tlf. 51 48 66 68
Klokkar: Leif Andenes
Soknerådsleiar: Ruth Stabel Berg tlf. 938 316 23
Barne- og ungdomsarbeidar:
Jorunn Pettersen tlf. 51 77 03 72

**Lye forsamlingshus**
Heimeside http://www.lyeforsarnlingshus.no
Ungdomsprest: Ole Tørring tlf. 951 789 71
Leiar forsamlingsstyret: Vegard Hanssen
tlf. 404 01 214

**Undheim** tlf. 51 48 68 20
Prest: Per Børge Hillestad tlf. 934 429 19
Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 5148 45 55
Soknerådsleiar:
Kåre Sigurd Undheim tlf. 51 48 43 07
Undheim kapell tlf. 51 48 68 20

Besøk vår nettside:
**www.time-kyrkja.no**
e-post:
**helgedagen@time-kyrkja.no**


# Til ettertanke


*Kjell Børge Tjemsland*

## Takk og Glede

Ved starten av eit nytt år er det naturleg å takka. Takk til alle som har stått på i dei mange samanhengane i kyrkjelydane våre. Kyrkjelydane er rikt velsigna med mange som står på i bøn og arbeid for Guds rike si skuld. Nokre av oss er meir synlege enn andre og er heldige og får ein takk i ny og ne. Andre er meir usynlege i det dei gjer og får dermed sjeldan eller aldri ein takk. Ein særleg takk til dykk! Det usynlege er alltid minst like viktig som det som skin så alle kan sjå det.

Denne tida gir også grunn til glede. Alle vil me få nye moglegheiter til å tene Herren Jesus i dette nye året 2011. Då handlar det igjen både om det som skjer synleg og det som også i fortsetjinga vil skje i det meir skjulte. Jesus sjølv vil leggje gjerningar ferdige for oss. Nokre av desse vil me få sjå at me fekk gå inn i, mens andre vil me ikkje forstå at me har vore i. Slik er det bare, og slik lever me som Guds born når me veit at Han går med oss. Også i dette nye året er det viktig at me ber vår enkle bøn: Takk for at eg får tilhøyre deg, Jesus. Lat meg få oppleve gleda det er at du leier meg denne dagen ved din Heilage Ande.

Det har vore ein del merksemd rundt det faktum at me tilhøyrer eit prosti med relativt høg deltaking i gudstenestene. Dette er noko som skaper både takksemd og glede. Men samstundes er dette bare relative tal. Svært mange rundt oss ser me sjeldan og aldri i gudstenestene og det kristne felles-skapet. Må Gud gje oss frimod til å møte våre grannar på ein slik måte at dei ser vår takksemd og glede i Kristus. Då kan dei oppdage evangeliet gjennom oss og våre liv. Det vil alltid vere nokon som manglar i våre kyrkjelydar og fellesskap. Til desse vil det alltid vere plass i det kristne fellesskapet, i Guds rike, og vi skal stolt invitere til Jesus. Det er vår gode oppgåve og teneste også i 2011.

Guds signing over kyrkjelydane våre og over den tenesta kvar og ein av dykk gjer.

*Og han som verkar i oss med si kraft*
*og kan gjera så mykje meir enn alt det vi bed om og skjønar,*
*han skal ha ære i kyrkjelyden og i Kristus Jesus*
*gjennom alle ætter og i alle æver! Amen! (Ef 4,20)*

*Kjell Børge Tjemsland*
*prost*


*Willy Jess*

Det er så mange sanger som måtte velges til side, at det er en utfordring å komme ned til bare en, men jeg tror jeg har truffet det med denne sangen: **Du som bryter lenker, løser trellers bånd.**

Da jeg tok i mot Jesus som min Frelser, var jeg så heldig at jeg nesten umiddelbart fikk komme med i det rike barne- og ungdomsarbeidet I.U.F. drev på bedehuset "Saron". Der møtte jeg nokså tidlig denne sangen, og i ettertid ser jeg at sangen har talt mer til meg enn jeg var klar over da.

Du som bryter lenker…. Bibelen taler om å være bundet av lenker – snarer – bånd m.m. Bare Jesus kan løse ut av dette. Salme 34, 7 "Denne elendige ropte, og Herren hørte og Han frelste ham av alle hans trengsler." Det er noe friskt over denne sangen som i Bjørnsons "Løft ditt hode du raske gutt" – bare se i vers 2: Glad i lys å vandre… selv et lys for andre… Ja, det gjør livet som kristen meningsfullt. Fil.2, 15-16: "Dere viser dere som lys i verden i det dere holder fram, Livets Ord." I vers 3 lyder det slik: Til det mørke fengsel aldri mer jeg går. Nei, se bare i Hebr. 11, 15-16 ".. de hadde hatt god tid til å vende tilbake, men nå lengter de etter et himmelsk land…"

Og så koret da, : "Jeg er din, o Jesus, jeg er din, bare din! Kjøpt til din å være, helt og holdent din! På Golgata kors gjorde Han det, Han frelste oss og kjøpte oss til seg med sitt blod. VI ER DYRT KJØPT!

Sangen er oversatt av den danske presten Hans Peter Mollerup fra engelsk i 1905. Melodien er frisk og grei, og vi sang den av full hals: på søndagsskolen på Saron, som en tid var den største samlede søndagsskole i landet med mer enn 500 barn, og i Yngstes med ca 90 barn, men mest i Yngres der det kunne være ca 25-30 ungdommer og i andre ungdomsmøter. Det sitter noe igjen hos de mange som gikk inn og ut på disse samlingene.

Det var en reportasje for ca 10 år siden i avisen Dagen. Der ble det fortalt om en mann fra en nabobygd som alt var gått i stykker for. Over 20 år i sus og dus hadde ødelagt alt, og han var nær ved å gi opp. Men så – han sa: "Det var en sang som begynte å tone i hjertet". Det var nettopp denne sangen: Du som bryter lenker. Han hadde lært den på Y.A., og nå, 25-30 år etter, ble den til hjelp så han fikk komme tilbake til Jesus. Nå i julen og ved årsskiftet så jeg i et avertissent/annonse at denne mannen nå skulle holde andakt her i distriktet. Så godt du, ikke sant, at vi har en Frelser som er i stand til å bryte hva lenker det skulle være!

Hvis dette blir lest av en, eller noen, som har forlatt den rette veien, har vi dette ønske og bønn: Vent ikke lenger, men ta din tilflukt til Jesus nå mens du leser dette, og du vil erfare at Han bryter de lenker og bånd som binder.

Lykke til med Livet med Gud!

*Willy Jess*

# Min Salme

Du som bryter lenker,
Løser trellers bånd,
Du som frihet skjenker
Ved din Hellig Ånd,
Frem til deg jeg trenger
Fra mitt fengsel ut,
Ingen slave lenger,
Men et barn av Gud.

Kor: Jeg er din, o Jesus,
Jeg er din, bare din,
Kjøpt til din å være,
Helt og holdent din.

Glad i lys å vandre
Hvor enn veien går,
Selv et lys for andre,
Det er gode kår.
Og i hellig smykke
Gå ham ganske nær,
Det er livets lykke
For hans unge hær.

Kor:

Til det mørke fengsel
Aldri mer jeg går.
Hjertets dype lengsel
Til din himmel står
Glad jeg til de andre
Roper det jeg kan:
Kom med oss å vandre
Til det lyse land!

Kor:

Fra engelsk ved
Hans Peter Mollerup 1905.
(1866-1929 Dansk prest.)

Framside: Kalligrafiarbeid av Herborg Kverneland (sjå også side 6 og 7)


**Helgedagen** Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.
Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Gunnar Føyland og Gabriel Tengsareid. Layout: Gabriel Tengsareid og Jærprint.
Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen. Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til gabriel.tengsareid@lyse.net og må vera oss i hende innan 11. mars. Neste nr. kjem ut ca. 30. mars. Ver vennleg å senda stoff til Helgedagen innan fristen.

# Hilsen fra Israel



*Christian Rasmussen, pastor i Immanuelkirken*



*Immanuelkirken med det nyrestaurerede tårn*

Immanuelkirken er en lille perle i Tel Aviv-Yafo. Den tiltrækker tusindvis af besøgende hvert år, og den er hjemsted for en menighed, der er så farverig, som det næsten tænkes kan.

**Jesus giver mening**

Når folk spørger mig, hvem der går i kirke i Immanuelkirken, så svarer jeg som regel lidt i spøg, at det gør hele verden. Der er bogstaveligt talt folk fra hele verden i vores menighed; alle kontinenter er repræsenteret, og det er alle sociale lag også. Og det er faktisk det, som de, der besøger os til en gudstjeneste, oplever stærkest; at SÅ forskellige mennesker mødes på ét sted af én eneste grund; fordi Jesus gør forskellen i deres liv. De ser, at Jesus betyder noget for jøden og for hedningen. De ser, at Jesus betyder noget for diplomaten og for den hjemløse; for den godt betalte forretningsmand og for den arbejdsløse; for kampsoldaten og for skolelæreren; for den der ikke kan finde ud af sit liv og for den, der er på toppen af verden. Vi har ikke andet til fælles end Jesus, og han nedbryder enhver given skillevæg mellem os.

**Åben Kirke**

Jesus giver reelt indhold i tilværelsen. Det er det, som jeg oplever selv, og som jeg også oplever, at mange mennesker søger. Vi holder kirken åben for besøgende hver uge, tirsdag – fredag. I efteråret har ca. 200 mennesker besøgt kirken hver uge, og de kommer selvfølgelig af forskellige grunde. Dels ligger kirken i en historisk del af byen; dels er glasmalerierne af den norske kunstner, Victor Sparre, efterhånden blevet en attraktion i sig selv, efter at de kom op i 1977; dels er vores orgel en attraktion, fordi der ikke er mange orgler i Israel. Og så kommer nogle selvfølgelig også, fordi de har spørgsmål om Gud og troen på ham.

**Interessant samtale**

For nylig havde jeg en god snak med en mand, der hævdede at være ateist. Vi snakkede om, at hvis vi afskriver Guds eksistens og hævder, at vi er her ved et tilfælde, så bliver alt egentligt ligegyldigt. Alting betyder ingenting, for der er ikke nogen hensigt med noget som helst. OG hvis vi afskriver Gud, så afskriver vi også muligheden for at definere noget som godt eller ondt i sig selv. Hvis ikke der er noget uden for os, som har retten til at definere og dømme imellem godt og ondt, så er det overladt til os selv at gøre det. Og det kan vi kun individuelt, og så må flertallet bestemme. Det er jo sådan demokratiets lovgivning fungerer. Men det betyder ikke, at nogen ugerning i sig selv er ond, for hvem har retten til at bestemme det?



*Israelske soldater inden deres besøg i Immanuelkirken*



*Menigheden på udflugt*

**Skarp ateist**

Ateisten satte det til min store overraskelse selv på spidsen, da han sagde: "Hvis nogen voldtager og dræber min datter, vil jeg følelsesmæssigt reagere med vrede, men jeg har principielt ingen ret til at være vred, for ingen har retten til at definere en nogen handling som ond i sig selv. OG det er mit helt store problem som ateist. Jeg vidste, at den dag jeg afskrev Gud, da afskrev jeg også muligheden for at kunne betegne noget som ondt i sig selv."

**Men…**

Da måtte han desværre gå sammen med sin familie, men spørgsmålet er faktisk, hvorfor han overhovedet ville reagere med vrede, hvis nogen forbrød sig mod hans datter. Disse ting sker jo i vores verden, og hvis denne verden er alt, vi kan forholde os til, hvordan kan vi så tænke: "Nej, sådan skulle det ikke være"? Hvor kommer det spørgsmål fra, hvis ikke der er andet end denne verden at forholde sig til? Svaret er – i min optik – ganske enkelt: Der er en anden verden at forholde sig til. Guds verden. Den verden som Gud egentlig skabte os til at leve i, men som ikke længere er vores, fordi vi dybest set ikke vil være i Guds verden, men være selvbestemmende i vores egen.

**Evangeliet**

Det gode budskab er, at Gud ikke er ligeglad med ugerninger; at han faktisk kalder noget for ondt og noget for godt og dømmer imellem det – og en dag renser han jorden for ondskab, når han nyskaber den. Og det er det eneste håb for verden. Vi må være ærlige og sige, at vi ikke er en del af verdens håb, men en del af verdens problem. Derfor må vi have fred med Gud, før han fjerner alt, der ikke har fred med ham. Den fred vil Jesus være for os; den finder vi i ham. På grund af dette enkle budskab er der noget, der hedder Guds kirke – også i Tel Aviv-Yafo.

*Tekst/foto: Christian Rasmussen, pastor i Immanuelskyrkja, Tel Aviv-Yafo*

## RETT OG SLETT JESUS –

## KVELDS-GUDSTENESTER I BRYNE KYRKJE

**Sundag 27. februar kl. 19.00**
**Jesus i nyare forskning**

Professor ved Misjonshøgskulen i Stavanger Torrey Seland tar oss med inn i eit spennande fagfelt. Ålgård kirkekor syng og det vert offer til Misjonshøgskulen i Stavanger. Nattverd.

**Sundag 27. mars kl.19.00**
**Jesus i populærkulturen**

Margunn S. Dahle, høgskulelektor ved mediehøgskulen Gimlekollen, deler sin kunnskap med oss. Konfirmantane tar del i gudstenesta. Det vert offer til Mediehøgskulen Gimlekollen. Nattverd.



*"Lysgloben seier oss at Jesus, det store lyset, er midt i verda."*

# Kjære Marit!



*Marit Undheim slutta som kyrkjetenar i Time kyrkje 1.januar i år. I gudstenesta 1. juledag vart ho takka for trufast teneste av Marit H. Fotland som også overrekte gåve på vegne av soknerådet.*

## Takketalen:
## Du skal slutta som kyrkjetenar 1. januar. Eg har dermed æra på vegne av Time sokneråd få gje deg ei gåve og takka for tenesta du har hatt i Time kyrkje gjennom 15 år.

Sidan Time sokneråd er valt av folk i Time sokn, er det eigentleg kyrkjelyden som takkar deg med denne gåva.

Du har vore svært trufast og utført tenesta på ein framifrå måte. Du har sørgt for at kyrkjeklokkene ringde inn til helg og høgtid alle desse åra. Alle dei praktiske oppgåvene har du utført med glans. Sølvet blenkjer nypussa på alteret på ein nystiva alterduk. Kyrkja er alltid rein, nyvaska og ryddig. Her er passeleg varmt, og no i juletida er det flott pynta med levande lys i vindaugskarmane.

Mellom vigslene på laurdagane har du endåtil nybaka kringle og kaffi å by dei tilsette på.
Om vinteren er alt i orden på utsida med nybrøyta veg heilt til dørstokken. Kanskje Amund har teke eit tak og hjelpt til med snøryddinga. Når nokon ringer for å øva eller pynta til bryllaup, er du villig til å opna kyrkja
I tillegg til alle dei praktiske oppgåvene, har du trufast stått i kyrkjedøra og ønskt alle i kyrkjelyden varmt velkommen. Du ber oss inn frå kvardagslivet vårt og inn til gudsteneste. Av ulike grunnar er kanskje terskelen høg for å koma til kyrkja for somme. Då er det godt å møta deg i døra. Alt då kan me kjenna på freden du formidlar ved å ta vel imot oss, og me kan gleda oss til det gode me har i vente i gudstenesta.

Alle kjenner deg, Marit, som kyrkjetenar. Du ordnar opp med smånervøse dåpsforeldre og rettleiar dei. Du deler gleda med bryllaupsfølgjet, og din rolege veremåte får brudeparet til å kjenna seg trygge. Du viser medkjensle, og verdig støttar du dei som kjem til kyrkja i sorg. Særleg i gravferder er det godt å verta møtt i døra av eit venleg, kjent ansikt.

Som kyrkjetenar knyter du saman kyrkjelyden og dei som har tenesta si i kyrkja på ein venleg og verdig måte. Du ser heile tida kva som skal gjerast for at dette samspelet skal verta godt.

Me i Time sokneråd meiner du verkeleg fortener å få ei verdfull gåve. Difor tok eg kontakt med Herborg Kverneland. Ho møtte meg med desse orda: «Det vil eg svært gjerne gjera, for Marit er så veldig gilde. Eg har lyst å gjera noko for henne.» Herborg fann sjølv fram kva ho meinte høvde aller best til deg Marit: Velsigninga.

Velsigninga er det viktigaste me får med oss frå kyrkja. Alt vert summert opp i Velsigninga som me får ta imot som ei Guds gåve. Marit, du har høyrt presten lysa Velsigninga kvar arbeidsdag du har hatt i kyrkja, anten høvet var dåp, bryllaup eller gravferd. Difor ønskjer både kunstnaren og me andre i kyrkjelyden at Velsigninga skal følgja deg vidare. Det skal dette kunstverket minna deg om.

Alle set stor pris på deg, Marit. Du har som den kvinna du er, vorte ei velsigning for svært mange i kyrkjelyden med den gjerninga du har utført. Eg har sett litt av kor mykje av ulike praktiske gjeremål som vert gjort for å førebu ei gudsteneste. Eg har mange gonger samanlikna deg med Anna i juleevangeliet, som var i tempelet heile sitt vaksne liv og tente Gud der. Ho var med og tok imot Jesus første gong han var i tempelet.

Kyrkjelyden kjenner deg som kyrkjetenar, og for mange av oss er det lettare å snakka med ei kvinne om dei små ting, for du er som ei av oss. Du utfører diakoni og nestekjærleik og har heilt sikkert hatt langt fleire timar i tenesta enn timelista viser. Du har vore lett tilgjengeleg i kyrkja, og mange har heilt sikkert hatt stort utbytte av å få snakka litt med deg, for du bryr deg.

Det har vore gildt å få læra deg å kjenna. Me har snakka saman på kyrkjetorget medan kyrkjekaffien vart trakta, og i gudstenesteutvalet der me begge er med. Du får oss frivillige medhjelparar til å kjenna gleda ved å vera med på små oppgåver. Du er så positiv til alt og rettleier med praktiske råd. Dermed klarer me å gjennomføra det som vert planlagt.

Du er slikt eit godt medmenneske som gjerne gjer ein ekstra innsats for at kyrkjelyden skal trivast. For dei som har ei vanskeleg tid i livet, må det utan tvil vera godt å møta slik ein venleg kyrkjetenar å snakka med og støtta seg på. Du, Marit, har vore ei velsigning for kyrkjelyden desse 15 åra. Eg tenkjer igjen på Anna i tempelet i Jerusalem. Ho vitna om Frelsaren Luk 2, 38: I denne stunda kom ho fram og lova Gud; og ho tala om barnet til alle som venta på frelse for Jerusalem. Likeeins har du i gjerninga di her i Time kyrkje bede oss inn i kyrkja for å syna oss kven Jesus er og kjenna freden me får frå Han.




*Kalligrafiarbeid - Herborg Kverneland*

Me kjem til å sakna deg, Marit!
Takk for tenesta du har hatt her i Time kyrkje og lukke til vidare!

*Marit H. Fotland*

Korleis har du det...
EIGENTLEG?
Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no
Kirkens SOS
EIT MENNESKE Å SNAKKE MED NÅR LIVET ER SOM VERST



# Jungelgjeng og Løvemor



Løva er sterk i dag og ber dokka på ryggen! Like sterk som ein pappa!



Løva kviskrar at Gud er sterkare enn alle pappaer som finst!



Løva møter Ruth Stabel Berg på søndagskulen

**Helgedagen har fått eit inspirerande møte med Jorunn Pettersen. Ho har vore barne- og ungdomsarbeidar i Bryne sokn i snart fire år. Jorunn brenn for at born og unge skal få møta Bryne-kyrkja som "den opne famns kyrkje". Ønskjet hennar for arbeidet er at alle skal få kjenna at Guds hjarte bankar for akkurat dei. Også born slit med mange ting, og dei treng ein open famn å springa inn i.**

Her kan Løva hjelpa til. Ho kan setja ord på små og store problem som både born og vaksne kan kjenna seg att i. Litt humor gjer seg òg. Løva er populær blant den yngre garde, og det er lett å sjå på barneaugo når ho kjem inn i kyrkja at dette er stas!

Løva pratar med presten framme i kyrkja, og den dialogen er Jorunn sitt prosjekt . Ho bed over temaet som skal vera i søndagsskulen nede etterpå, og skriv så eit framlegg til presten. Som oftast blir det godkjent, smiler ho. Samtalen der framme mellom Løva og presten set fokus på ulike tema i livet , sagt på ein enkel måte, og der ein held fram at Gud ønskjer å vera ilag med oss i alt me møter. Det kan vera noko som Løva har opplevd, for eksempel å vera mørkredd, og det er det mange som kjenner seg att i. Fokuset er på borna, samtidig er det til dei vaksne også. Løva vil hjelpa til med fellesskapen i kyrkjelyden, og peika på at me som er der, kan vera Gud sin forlenga arm - og vera medvandrarar til kvarandre i livet.

Når Løva togar ut med heile Jungelgjengen med seg, går dei til søndagsskule nede i peisestova.

Jorunn er glad for å få vera i kontakt med menneske i alle aldrar i arbeidet sitt. Som ein del av trusopplæringa følgjer ho born og unge gjennom ulike prosjekt. Dåpen opnar for opplæring, og frå 2 år og oppover får born og unge tilbod dei kan vera med på. Då blir sentrale bibeltekstar dekka gjennom ulike arrangement spreidde over heile året. **Juniorkonfirmantane til dømes har som tema: Jesus møter menneske.**

Det er viktig at alle får oppleva den opne famnen i Bryne-kyrkja, og også Ungkyrkja har ein god, fast gjeng som møtest.

Ein viktig faktor i Jorunn sitt arbeid er "dei gamle damene som ber"(Bryne eldre kvinneforening NMS, red.anm.) Dei samlast første måndagen i månaden, og der kan ho få leggja fram konkrete bøneemne. "Det er nokre fantastiske damer! Dei er til stor oppmuntring for meg", seier Jorunn. "Me dreg i lag!"

LHH



Jorunn Pettersen, barne- og ungdomsarbeidar på Bryne






Løva har lurt seg opp i kyrkja åleine!

Den Norske Israelsmisjon
Sjekk ut vår nye nettside!
www.israelsmisjonen.no




JÆREN MISJONSRADIO
Nærradioen med godt nytt
Tryggheimsvegen 13, 4365 Nærbø, Tlf.: 51 43 32 22
**Sender på**
FM 103.5 - 106.3 - 106.6 - 107.9
**Sendetider**
*Mandag:* 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00
*Tirsdag:* 08.30 - 09.00
*Onsdag:* 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00
19.30 - 21.00
*Torsdag:* 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45
*Fredag:* 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45




FRELSESARMEEN FRETEX
Vi gir folk grunn til å tro på framtiden
**Fretex Butikksalg**
Meierigata 17, 4340 Bryne
**Tlf. 51 48 56 50 - www.fretex.no**
**Opningstider:**
mandag/fredag kl. 10.00 - 18.00 lørdag kl. 10.00 - 15.00

# Kina i endring

**Kinakveld i Bryne kyrkje søndag 20. mars 2011**
**Tema: Kyrkja og det kristne arbeidet i Kina. Kina i endring**

I den seinare tid har vi fått ein del informasjon om Kina, men det er lite informasjon om dei kristne sin situasjon i dette landet.

Påske 2010 var eg med på ein tur til Kina med Jofrid og Einar Braadland som reiseleiarar. Ein del av reiseruta vår var utanom dei tradisjonelle turistreiserutene. Vi fekk mellom anna koma på Amity sitt bibeltrykkeri i Nanjing (det største bibeltrykkeriet i verda), Det teologiske seminaret i Nanjing og besøkja Bibelinstituttet i Changsha (Hunan provins). Alle besøka, informasjonen og møte med kristne kinesarar gjorde eit sterkt inntrykk. Det var og ein rikdom og eit mangfald i informasjonen som stort sett var framand for meg. Det var og nytt for meg å få høyra om kor bevisste dei var ved utdanningsinstitusjonane med omsyn til utdanning av forkynnarar og prestar.

Vi er nå så heldige at Jofrid og Einar Braadland vil koma til Bryne kyrkje og gje oss ei oppdatering gjennom ord og bilete. Dei har god kunnskap om kinesisk kultur og kyrkjeliv både som tidlegare misjonærar på Taiwan, reiseleiarar i Kina og gjennom mange personlege kontaktar.

Gjennom Kinakveld i Bryne kyrkje, arrangert av Misjonsutvalet, Bryne sokneråd, kan fleire få del i noko av denne informasjonen. Velkommen.

Inger Kristine Løge



*Bibelinstituttet i Hunan*



*Vakre magnolia i Kina*

## Kinakveld
**i Bryne kyrkje**
**Søndag 20. mars**
**kl. 19.00**

Jofrid og Einar Braadland vil fortelja om:
Kyrkja og det kristne arbeidet i Kina.
Kina i forandring.
Song ved Shalom
Offer til Bibelinstitutet i Hunan
Enkel servering
Alle er velkomne

*Misjonsutvalet, Bryne sokneråd*







## Vårfest – for dei over 60 i Lye forsamlingshus Sundag 27. mars kl.15.00

Det blir andakt og kåseri,

song og musikk, mat og drøs.

Detaljert program kjem.

*Arr. Time diakoniutval*



## Komfyren i Bryne kyrkje har tatt kvelden

Vi treng derfor ein ny.

Er det nokon som har ein fint brukt komfyr å avsjå? Ta kontakt med kyrkjekontoret

tlf. 51770377

*Bryne sokneråd*

# Stavanger biskop på visitas til

## Undheim, Time og Bryne
## 15. - 20. februar 2011



Biskop Erling Pettersen kjem til Time på visitas i kyrkjelydane Undheim, Time og Bryne. Føremålet med ein visitas er "å støtte, inspirere og veilede menigheter og ansatte, og gjøre kirkens nærvær synlig i lokalsamfunnet.

Biskopen skal ved visitasen legge vekt på forkynnelsen av Guds ord i soknet. Ved dette skal biskopen gi støtte til menighetenes virksomhet og styrke fellesskapet i menighetene.

Sammen med menighetsråd og ansatte skal biskopen under visitasen gå inn i et felles arbeid for å prøve menighetslivet på Guds ord og vår kirkes bekjennelse, og inspirere til frimodighet og fornyelse. Menighetens arbeid skal også vurderes opp mot de planer som foreligger fra kirkelige organer."

Det er lagt opp eit program saman med biskopen som gjer at han vil møte alle dei tre sokneråda og Time kyrkjelege fellesråd. Han vil også møte dei ordinerte/vigsla medarbeidarane som han har tilsyn med. Vidare vil han møte ordførar og rådmann, ha bedriftsbesøk, besøk til Rosseland skule og barnehagen på Undheim. Han vil også verte betre kjend med Garborg sitt rike og Time-geografien. Ein god del anna program er også lagt inn i visitasen.

### Tre viktige arrangement opne for alle:

1. **ONSDAG 16.02.11 kl. 11.00 – 13.00 på Time bibliotek**
**SAMLING OM JÆREN**
Eit ope arrangement i samarbeid mellom Garborgsenteret, Time bibliotek og Den norske kyrkja.
Opplegg:
- Sigbjørn Reime: "Jærkultur"
- Ein personlig samtale mellom biskop Erling Pettersen og bibliotekar Aud Søyland Kristensen: "Garborg og biskop Erling"
Dagleg leiar av Garborgsenteret Inger Undheim leier arrangementet
- Etterpå kan frammøtte gje respons

2. **TORSDAG 17.02.11 kl. 18.30 i Undheim kapell og Samfunnshuset**
**KULTURKVELD PÅ UNDHEIM**
Open for alle som bur i Time kommune.
Frivillige og tilsette medarbeidarar i kyrkjelydane er spesielt inviterte.
Me startar med gudsteneste i Undheim kapell og fortset etterpå med arrangement i Samfunnshuset.

3. **SUNDAG 20.02.11 kl. 11.00 i Bryne kyrkje**
**VISITASGUDSTENESTE**
Nattverd
Biskopen held sitt visitasforedrag etter gudstenesta
Kyrkjekaffi

•••••••••••••••

Alle er velkomne til desse opne samlingane, samlingar som me håpar og ber om vil vere til inspirasjon for, og skape frimod hos oss som kyrkjelydar og lokalsamfunn.

Hugs visitasen, biskopen og kyrkjelydane våre i bøn i denne tida!

# MISJON OG ISRAEL

**Far og sønn**
**på samme talerstol!**
**Håvard og Johannes Kleppe,**
**begge aktive på hver sine områder i Israelsmisjonen i en årrekke, deltar.**

Israelsmisjonskontaktene på Jæren inviterer til samling om misjon og Israel

**i Bryne kyrkje**
**søndag 13. februar kl 19.00**

kl 11.00: Deltar ved gudstjeneste
kl 19.00: "Misjon og forsoningsarbeid i Israel"
Sang: Jærklang
Misjonsinformasjon og aktuelt fra Israel
Det blir enkel servering
Offer til evangelisering blant jøder

Vel møtt

Evangeliet skaper fred mellom mennesker og fred med Gud




# Bryne 9:13

**Forskjellige aktivitetar, andakt og kafé for 4.-7. klassetrinn i Bryne kyrkje kl. 17.30 - 19.30**

**Desse dagane:** 17. februar, 3. mars, 17. mars, 31. mars, 14. april, 12. mai

# M-Aks klubben på SARON

## Våren 2011

Frå første klasse og oppover.

Kvar tysdag frå kl. 17.30 til 19.00 fram til 03.05.2011. (Vi følgjer skuleruta og har ikkje samling i skulens vinter- og påskeferie).

Første samling etter jul er tysdag 11.01.2011

Aktiviteter kvar veke er: sløyd (pussing, snikring, byggje ting av tre etter teikning, eller etter fantasien ).

I oddetalsveker har vi også formingsgruppe, der vi bl.a lagar kort, påskepynt og maler på eggeglas. (Første formingsgruppe blir 18.01)

**Velkommen**

*Misjonssambandet*

# AKTIVITETEN På SARON Våren 2011

Torsdager kl. 19.00 - 21.00
Fra 6. klasse annenhver torsdag

17. februar, 3. mars, 17. mars,
31. mars, 14. april, 28. april

**Modellfly bygging og simulator, bil og elektro byggesett.**

**Velkommen**

*Misjonssambandet*

# Giverglede

Søndag 12. desember var nær 400 personer samlet i Bryne Kyrkje for å oppleve julekantaten Den Store Stjerna, fremført av Jærklang sammen med gjestende sangere og musikere. Ved slutten av konserten ble det tatt opp en kollekt til Misjon Uten Grenser. Pengene ble brukt til julepakker med bl.a. mat og julegaver til fattige familier i Øst-Europa.

Det kom inn kr. 32.019. Hver julepakke kostet kr. 175. Dette ga dermed mat til 182 familier, eller ca. 1000 personer, gjennom jula. En stor takk til alle dere som var med og gjorde dette mulig.

For Jærklang
Ola Solheim



## - SMÅBORNSTREFF FOR HEIMEVERANDE MED SMÅ BORN -

# "BYGGEKLOSSEN"

*Alle onsdagar i oddetalsveker kl 10-12 i peisestova i Bryne kyrkje:*





**Datoar våren 2011:**

19. januar, 2. februar, 16. februar, 2. mars, 16. mars, 30. mars, 13. april, 27. april, 11. mai, 25. mai og 8. juni

Er du heime på dagtid med små born, er du velkomen til Byggeklossen. Det er ei uformell samling for dykk som er heime på dagtid med born mellom 0-5 år

Ungane leikar medan dei vaksne pratar og blir kjende.

**Program:**
- Vi har ei musikksamling saman som Per Olav Egeland leiar.
- Ta med matpakke, så et vi lunsj saman etter at vi har sunge og spelt.
- Vi har kaffi, te og vatn til alle.
- 10 kroner pr. gong pr. voksen uansett kor mange born du har med deg.

Har du spørsmål eller leiker som Byggeklossen kan bruka, ta kontakt med kyrkjekontoret på tlf 51770377 eller send e-post til diakon@time-kyrkja.no

**Alle er hjarteleg velkomne!**


## *"Kontakt-tur" Til Det Hellige Land*

*En annerledes tur hvor vi møter*
*Kristne ledere,*
*Menigheter og institusjoner*
*i Israel og De palestinske områdene*

***31. mars – 11. April 2011***

**Reiseledere:**
**Jens Olav Mæland (prest) og**
**Tore Bruvik (diakon)**
**Ta gjerne kontakt med**
**Jens Olav Mæland**
**tlf. 975 95 899**

SABRA FOKUSREISER
www.fokusreiser.no

Postboks 723, 4666 Kristiansand
Tlf: 38 12 56 60 Fax: 38 12 56 61
post@fokusreiser.no
www.fokusreiser.no

Annonse


## "Kontakt-Tur" Til Det heilage Landet

Siktemålet med denne turen er å koma i kontakt med våre eigne åndelege røter, fortel Jens Olav Mæland. Det vil ein prøva å oppnå ved å møta kristne leiarar, kyrkjelydar og institusjonar. Det er i den palestinske befolkninga ein i hovudsak finn desse, men også mellom jødane er det kristne grupper og kyrkjelydar, gjerne kalt "messianske kristne".

Ein vil mellom anna besøkja kristne institusjonar på Vest-bredda, så som Betlehem Bibel-College, og kristne barne- og vidaregåande skular, så som Den lutherske skulen i Ramal-lah. Me vil delta på gudsteneste i Beit Jala like ved Betlehem og er dessutan invitert inn i kristne heimar i Nasaret, fortel han.

Elles vil ein også besøkja kjente historiske stader i Jerusalem, Jaffo, Massada og Kapernaum. Ein tur på Gennesaret blir det også tid til – og gudsteneste ved stranda på leirstaden til KFUK/M ved Tiberias. Det skal bli ein innhaldsrik tur, lovar Mæland, som har vore turleiar mange gonger og har skrive ei bok om dei kristne sin situasjon i området.

GT

Å VERA MED PÅ



# Kyrkjelydshelg til Vaulali



## Bryne kyrkjelyd gjentek suksessen frå i vår

Denne gong tek me turen til naturskjøne Vaulali







Aktivitetar
Kano
Fullpensjon
Bading
Fellesskap
Inspirerande
BMX-bane

Hald av helga 20. - 22. mai 2011

Meir informasjon om program og påmelding kjem seinare



## MØTE FOTLAND BEDEHUS 2011

Februar:

| | |
|---|---|
| 4-6 | Møte Evangelisten |
| 7 | Guttelag |
| 10 | Årsmøte for bedehuset |
| 12 | Ungdomstreff |
| 14 | Bønnemøte |
| 21 | Guttelag |
| 22 | NMS forening |
| 25 | Fest |
| 26 | Ungdomstreff |

Mars:

| | |
|---|---|
| 5 | Ungdomstreff |
| 6 | Møte Normisjon |
| 7 | Guttelag |
| 11 | Basar for bedehuset |
| 14 | Bønnemøte |
| 21 | Guttelag |
| 26 | Ungdomstreff |
| 28 | Bønnemøte |
| 29 | NMS forening |


Vil du gi en gave til Normisjon?

normisjon

Kontonr: 1503.02.13537

Husk å øremerke gaven hvis du vil den skal gå til noe spesielt.

www.normisjon.no





## Kvinnenes internasjonale bønnedag i Time

| | |
|---|---|
| Undheim kapell | 4. mars kl. 14.00 |
| Fotland bedehus | 4. mars kl. 14.00 |
| Bryne kyrkje | 4. mars kl. 19.00 |

# Kvinnenes internasjonale bønnedag

### Årets tema er: "Hvor mange brød har dere?"

Dagen feires fredag 4. mars.
Kvinner i det søramerikanske landet Chile er i fokus på Kvinnenes internasjonale bønnedag 2011.



Bilde laget av et kvinnelig kunstnerkooperativ i Chile

Det chilenske samfunn har gjennomgått store endringer siste 30 år, både politisk, økonomisk og sosialt. Selv om mye har vært til det bedre, har kvinners rolle i samfunnet i stor grad blitt neglisjert og både familievold og samlivsbrudd har blitt vanligere.

Kvinnene i Chile er de sentrale kulturbærerne som gir verdier videre til sine barn. I hele 32 % av familiene er kvinner eneforsørgere, uten et sosialt sikkerhetsnett eller ansvarliggjøring av fedrene. Halvparten av de chilenske kvinnene forteller at de har vært utsatt for vold av fysisk eller psykisk art, hele 28 % har opplevd seksuelle overgrep.

Gjennom årets prosjekt tar vi sikte på å møte mange tusen kvinner i ulike livsfaser for å fortelle dem hva Guds ord har å si til dem i deres situasjon. Dette utføres gjennom kurser og seminarer, samt utdeling av bibler, nytestamenter eller evangeliedeler. Prosjektet vil også nå inn i fem kvinnefengsler. Det er team av frivillige kvinner rekruttert fra ulike miljøer og kirker som står for gjennomføringen av både kurser og oppsøkende virksomhet. Målsettingen er at rundt 10 000 kvinner skal bli nådd i løpet av året.

# Biblar til Kina

### Sundag 20. februar er det Såmannssundag og Bibeldag



Denne gongen set Bibelselskapet Kina, den mest folkerike staten i verda, i fokus. Her veks kyrkja meir enn i noko anna land. Under kulturrevolusjonen på 1960- og 1970-talet vart biblane konfiskerte og brende, alle kyrkjene vart stengde, og mange kyrkjelydsleiarar vart sette i fengsel eller sende til arbeidsleirar. I dag er kyrkjene opne att, og menneske strøymer til slik at ein mange stader har fleire gudstenester etter kvarandre. Folk fyller opp kyrkjer i fleire etasjar, og det sit tilhøyrarar i trapper og inngangsparti.

I 2011 er det 25 år sidan grunnsteinen vart lagd ned for det første bibeltrykkeriet i Kina. Sidan då har ein trykt meir enn 50 millionar biblar, men framleis er det stor mangel på biblar og bibeldelar i dette enorme landet. Mange bur langt frå eit bibelutsal. Mange er fattige og treng støtte for å få råd til å skaffa seg ein eigen bibel. Samstundes kan vi verta oppbygde i trua vår når vi ser bibelgleda i Kina.

Pengane som vert samla inn i samband med Bibeldagen vil verta nytta til:

- Papir til bibeltrykking – 10 kroner for ein bibel!
- Omsetjing til minoritetsspråk
- Bibeldelar til utdeling i kyrkjene

Litteratur til seminar og bibelskular

Støtt bibelarbeidet i Kina! Du kan senda gåva til gåvekontoen til Bibelselskapet , kontonr. 3000.16.16869. Merk giroen "Biblar til Kina".

Du kan óg gje gåva via nettet. Sjå peikar på nettstaden www.bibel.no/bibeldagen. Der vil du dessutan finna meir stoff om bibeldagsprosjektet.

TEAM BYGG

B&M Bok&Media
Alt i bøker, musikk, rekvisita, kort og hobby i Storgata 26

Minst av de største – JE TRANSPORT – Men størst av de minste
Minst av de største – JE PALLEN – Men størst av de minste
Jarle Elde
Tlf.: 51 22 08 61 • Mob.: 959 80 500

JÆREN HOTELL

MITSUBISHI ELECTRIC VARMEPUMPER
TØFFINGEN BLANT VARMEPUMPER



FD-Heat Kirigamine
Garantert drift til -25°C
autorisert FORHANDLER MITSUBISHI ELECTRIC VARMEPUMPER
Vi utfører service på ALLE maskiner i markedet!
Har du oljefyr eller elkjel? Spør oss om luft/vann!
GRATIS VARMEPUMPEBEFARING
VIKESÅ VVS A waterproof company 91 75 91 85
91 75 91 85
vikesavvs@epost.no
Gratis befaring i hjemmet med pristilbud

MØBELRINGEN
I. Bjørnsen A/S
Jærv. 250,4340 Bryne - 51 78 50 20

VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS
ek Glassmesterforretning Einar Knutsen as
Postboks 149, 4349 Bryne
TLF. 51 48 02 11.
DØGNSERVICE 971 78 180

HELLVIK HUS
Bygg med glede!
www.hellvikhus.no

SpareBank 1 SR-BANK

coop obs! HYPERMARKED
Tlf. 51 77 86 00

TIME SPAREBANK
- for Jæren

EiendomsMegler 1 JÆRMEGLEREN

WACO
Forsikringsmegling as

Selge bolig på Jæren?
Ring tlf.
51 77 80 00
www.terra.no
TERRA EIENDOMSMEGLING

Varmepumper
ACsenteret gir deg gratis befaring, stort utvalg og god service
www.acsenteret.no
Breimyra 14, Bryne/Håland
Tlf: 51 77 78 70
Gratis befaring? SMS med AC til 1963
ACsenteret



Hus for norske forhold
SAGAbo HUS FOR NORSKE FORHOLD
Jernbanegaten 9, 4340 Bryne
tlf. 51 77 19 60 www.sagabo.no

Jærsol as
Innvendige persienner
Utvendige persienner
Lamellgardin
Rullegardin
Plisségardin
Screenduk
Markiser
Terrassemarkiser
Gratis måltaking!
Bjørkeveien 6 4340 Bryne. Tlf. 473 59 935
E-post: per.hareland@lyse.net

STEINSLAND & CO
Tlf. 51 77 06 77

MURMESTER HESKJE
Murmester Heskje AS
Hålandsveien 24, P.b. 270
4340 BRYNE
Tlf 51 77 19 80
Fax 51 77 19 81

Fermate Rogaland
Et sted for frihet og forandring
Et samarbeid mellom Bethania-stiftelsen, Diakonova og Normisjon
**TRENGER DU NOEN Å SNAKKE MED?**
**Samtaler kan avtales på tlf.: 467 46 670**
**eller mail:** fermanterogaland@emmaus.no
**Besøksadresse: Hoveveien 38, Sandnes**
www.fermanterogaland.no

VB VARME & BAD
Bryne Rør AS
Skulegata 9 • 4340 Bryne

Pizza bakeren
www.pizzabakeren.no
51 20 77 00

elkonor EL-TEAM Elektroentreprenør
Morenefaret 5, Bryne, Tlf. 51 48 67 40
E-post: dr@el-team.net, Internett: www.el-team.net

Koinonia
KOINONIA BOK OG MUSIKK
Motehuset Bryne Torg
Storgata 10-12 – 4340 BRYNE
Tlf. 51486520

Johansen Elektriske as
Postboks 510 - 4349 Bryne
Tlf: 51 48 01 01

BYGG MESTER
JENS GERLACH SØRENSEN A·S
Tlf. 51 48 28 83

BYGGMESTER HERSDAL AS
Alt i nybygg, påbygg og rehabilitering
Mobil 908 55 625

Lauritz Aarsland
Tannlege
Tlf. 51 48 28 93

Jærbladet

[tsjili]



**Få Norges største misjonsblad gratis i postkassen.** Send e-post til tsjili@misjonsalliansen.no eller ring 22 94 26 00.

TRYKKSAKER
952 99 844
JÆRPRINT TRYKKERI & DESIGN

* Alveland *
BUNADER
Meierigt. 15, 4340 Bryne
Tlf. 51 48 75 15 • Fax. 51 48 64 03

# Kyrkjevalet 2011

11. og 12. september i år vert det halde nytt val til sokneråd og bispedømeråd. Det er bare to år sidan førre valrunde, og denne valperioden er så kort fordi kyrkjevalet frå nå av skal haldast samstundes som kommune- og fylkestingsvalet.

Vallokala vert stort sett på same stad som sist, det vil seia i nærleiken av, men ikkje i same rom som kommunevalet. Opningstidene vert også dei same som for kommunevalet. Tre krinsar i Time vil ha val både sundag og måndag. Dette gjeld Bryne, Lye og Kvernaland (Frøyland og Orstad sokn). Det vert ikkje halde val i kyrkjene, men det vert høve til å førehandsrøysta på kyrkjekontoret frå ca ein månad før valdagen.

Reglane for stemmegjeving vert tilsvarande reglane for to år sidan med nokre endringar. Den viktigaste er kanskje at reglane for kummulering ved soknerådsvalet nå vert like som for kommunevalet. Det vil mellom anna bety at det ikkje lenger er fare for at dei siste namna på lista vert strokne, dersom lista har fleire namn enn talet på medlemmer som skal velgjast.

Det vil koma meir valinformasjon etter kvart. Me vonar at den fine utviklinga i valdeltakinga som me såg sist vil halda fram, og at mange vil engasjera seg både i nominasjonsprosessen som startar nå, og i valet til hausten.

*Olav Vegard Søyland*
*kyrkjeverje*

# Gjevarteneste

| |
|---|
| Barne- og ungdomsarbeid i Bryne, |
| kto.nr. 3325.25.07057 |
| "Vi gjev" - diakonalt arbeid i Time |
| kto.nr. 3325.21.30859 |
| Kyrkjelydsarbeidet / Gjevarteneste |
| ungdomsarbeidar, Undheim |
| kto.nr. 3325.21.55657 |
| Undheim kapell - gåver |
| kto.nr. 3325 25 08959 |
| Frøyland-Orstad kyrkjelyd, |
| kto.nr. 3290.60.44179 |
| Kyrkjebygg Frøyland-Orstad |
| kto.nr.3325.25.09270 |
| Ungdomsarbeidar på Lye |
| kto.nr. 3325.25.04260 |
| Stikk innom vår heimeside |
| http://www.time-kyrkja.no |


# NMS Gjenbruk på Bryne

Saronsbrotet 3, 4340 Bryne
**Tlf. 951 06 028**

**Opningstider:**
mandag/fredag kl. 10.00 - 17.00
lørdag kl. 11.00 - 15.00

*Velkommen med varer av mange slag*
*- eller til ein god handel!*

**Fleire og fleire kjem til Gjenbruksbutikken i Saronsbrotet**














## DØYPTE

### BRYNE KYRKJE

***05.12.10:*** Fillip Bergevik Berg, Bjørnar Undheim, Tobias Lie, Mikkel Vold Stangeland
***25.12.10:*** Benedikte Giske
***09.01.11:*** Balder Sælevik Kjetland, Eivind Grødeland, Esther Kramer Njærheim, Klara Sofie Ur Fotland, Ludvig Høyland, Ole-Magnus Torkildsen

### TIME KYRKJE

***20.11.10:*** Lukas Fiskebekk, Nathalie Yrke-Hansen
***21.11.10:*** Marcus Bjerga Monsen, Eskil Haugstad, Emilie Lindheim
***05.12.10:*** Trond Junior Skogmo Hegdal, Lea Mikalsen Høslom, Nicklas Serigstad
***19.12.10:*** Emma Laland Martin, Lucas Auestad, Stinius Nese, Markus Hammervold Olsen
***25.12.10:*** Aron Dallavara Lending

### UNDHEIM KAPELL

***28.11.10:*** Adrian Oddane
***12.12.10:*** Martine Østborg
***09.01.11:*** Henrik Økland Sandvik

## VIGDE

***11.12.10:***
Kristine Sikveland og Vegard Vigrestad

## DØDE

Aasa Marie Fotland, Sverre O. Haugland, Torleif Gaute Hognestad, Roy Henrik Johnsen, Robert Kalberg, Helga Torbjørg Balke, Andreas Bjorheim, Bjørg Steinsland, Målfrid Ueland, Bjarne Jr. Thilo, Ester Frøyland, Margit Auestad, Isak Rørheim, Ellen Torborg Johansen, Magna Håland, Ingrid Steinsland

## *Vegen tilbake til Gud*

*"For så elska Gud verda at han gav Sonen sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv!.* Joh. 3,16

**Bøn:** Jesus, du veit om mine feil og nederlag. Eg trur at du er Guds son som døydde på krossen. Slik vart ditt blod gjeve for syndene mine. Kom inn i hjarta mitt og livet mitt og gjer meg til eit Guds barn. Eg tek imot deg akkurat nå som min Herre og Frelsar. Eg tek imot di tilgjeving for syndene mine. I Jesu namn.

Amen.


**Det er lov å bry seg!**




**Kirkens SOS trenger flere telefonvakter!**
Vi søker kvinner og menn over 20 år som selv ikke er i en aktiv krise, har tid til å bry seg og lyst til å utvikle seg.
**Innføringskurs for frivillige telefonvakter starter onsdag 22. september 2010.**
Kurs: dag 10-13 eller kveld 19-22.
Kontakt Kirkens SOS i Rogaland 51 88 45 15 / 971 70 995
e-post: rogaland@kirkens-sos.no
www.kirkens-sos.no

Kirkens SOS i Rogaland
Vi er her. Alltid.



KROGEDAL begravelsesbyrå
**DØGNVAKT**
**51972900**
Våre medarbeidere på Jæren
Runar Apeland, Borgny Å. Skretting
Brikt Goa og Oddbjørn Folde
Kontor: Bryne og Sandnes

STEINAVDELING
GRAVMONUMENT
PLATER
Ny hjemmeside:
**www.krogedal.no**



Bryne
Begravelsesbyrå
**Tlf.: 51 77 80 80**
Vi ønsker å bidra
til en verdig gravferd
**www.brynebbyraa.no**
**Reeveien 34, 4340 Bryne**
**Døgnvakt**
BEGRAVELSESBYRÅENES FORUM

Velkomen til
# gudsteneste

## Skyss til gudstenesta

**BRYNE KYRKJE:**
Sverre M. Lima
51 48 21 33

Jonas Frøyland
41 30 04 68

Gabriel Tengsareid
51 48 28 98

Ring før kl. 10.00.

**TIME KYRKJE:**

Frode G. Fotland
51 48 71 11
90 74 84 03

Dortea Haugland
51 48 70 04

Ring før kl. 09.30





| | | |
|---|---|---|
| **Sundag 6. februar** | | **Matt 13, 24 – 30** |
| Bryne kyrkje | kl. 11.00 | Gudsteneste. Dåp |
| | | Jungelgjeng. Bønegruppe kl. 10.30 |
| Lye forsamlingshus | kl. 10.30 | Gudsteneste. Nattverd |
| Undheim kapell | kl. 10.30 | Gudsteneste. Nattverd. Dåp |
| **Vingardssundagen - 13. februar** | | **Matt 20, 1 – 16** |
| Bryne kyrkje | kl. 11.00 | Gudsteneste. Nattverd. Jungelgjeng |
| Time kyrkje | kl. 11.00 | Gudsteneste . Dåp. Løvegjeng |
| | | Barnelaget Solstreif vert med |
| **Torsdag 17. februar** | | |
| Undheim kapell | kl. 18.30 | Kulturgudsteneste i samband med bispevisitas |
| **Såmannssundgen - 20. februar** | | **Luk. 8, 4 – 15** |
| Bryne kyrkje | kl. 11.00 | Visitasgudsteneste. Nattverd. |
| | | Jungelgjeng. Bønegruppe kl. 10.30 |
| Lye forsamlingshus | kl. 16.00 | Gudsteneste. Nattverd |
| **Kristi forklåringsdag – 27. februar** | | **Matt 17, 1 – 9** |
| Bryne kyrkje | kl. 19.00 | Kveldsgudsteneste. Nattverd. |
| Rosseland skule | kl. 11.00 | Gudsteneste. Konfirmantar deltek. |
| Time kyrkje | kl. 11.00 | Gudsteneste. Nattverd. |
| | | Løvegjeng. Jærklang |
| **Sundag 6. mars - Søndag før faste** | | **Luk 18, 31 – 43** |
| Bryne kyrkje | kl. 11.00 | Gudsteneste. Dåp. Bønegruppe kl. 10.30 |
| Lye forsamlingshus | kl. 10.30 | Familiegudsteneste. Dåp |
| Undheim kapell | kl. 10.30 | Gudseneste. Dåp |
| **Sundag 13. mars** | | **Matt 4, 1 – 11** |
| Bryne kyrkje | kl. 11.00 | Gudsteneste. Nattverd. |
| | | Bønegruppe kl. 10.30 |
| Time kyrkje | kl. 11.00 | Gudsteneste. Dåp. Løvegjeng |
| **Sundag 20. mars** | | **Matt 15, 21 – 28** |
| Bryne kyrkje | kl. 11.00 | Familiegudsteneste. Dåp. |
| | | Bønegruppe kl. 10.30 |
| | | Jungelgjeng. Bankers |
| Lye forsamlingshus | kl. 10.30 | Gudsteneste. Nattverd |
| Undheim kapell | kl. 10.30 | Gudsteneste. Dåp. Nattverd |
| **Sundag 27. mars – Maria budskapsdag** | | **Luk 1, 26 – 38** |
| Bryne kyrkje | kl. 19.00 | Kveldsgudsteneste. Nattverd. |
| | | Konfirmantar deltek. Bønegruppe kl. 10.30 |
| Rosseland skule | kl. 11.00 | Gudsteneste |
| Time kyrkje | kl. 11.00 | Nattverd. Vibå spelemannslag, song av |
| | | Magnhild Sørlie. Årsmøte etter gudstenesta |
| **Sundag 3. april** | | **Joh. 6, 1 – 15** |
| Bryne kyrkje | kl. 11.00 | Gudsteneste. Nattverd. Årsmøte. |
| | | Bønegruppe kl. 10.30 |
| Lye forsamlingshus | kl. 10.30 | Familiegudsteneste. Dåpsskulen deltek. |
| Undheim kapell | kl. 18.30 | Gudsteneste. Konfirmantane deltek |





Jærprint